



Kinn kommune

## Politisk organisering

Vedtatt 25.09.2019, kommunestyresak 007/19  
Ansvarleg: Rådmann

# Politisk organisering i Kinn kommune

## 1. Kommunestyret

### 1.1 Tal medlemer

Kommunestyret har 39 medlemer.

### 1.2 Gjennomføring av møter

Den politiske møteverksemda skal ta heile den nye kommunen i bruk blant anna ved å veksle stort sett likt mellom Måløy og Florø for avvikling av kommunestyret og formannskapet.

Rådmannen vurderer om det skal bestillast felles båttransport til møta.

### 1.3 Politikardagar

I samband med avvikling av kommunestyremøte skal formannskapet avgjere om det i forkant av sjølve møte skal gjennomførast ein politikardag. Dagen skal gi dei folkevalde høve til førebuingar av sakene i dei ulike partia, samstundes som det kan leggast til rette for ulike orienteringar og dialog med innbyggjarar, frivillige lag og organisasjonar og representantar frå næringslivet med fleire.

## 2. Formannskapet

- a) Formannskapet har 11 medlemer.
- b) Medlemer og varamedlemer er valde av kommunestyret.
- c) Representant for Ungdommens kommunestyre har møte- og talerett.

### 2.1 Gjennomføring av møter

Den politiske møteverksemda skal ta heile den nye kommunen i bruk blant anna ved å veksle stort sett likt mellom Måløy og Florø for avvikling av kommunestyret og formannskapet.

## 2.2 Arbeids- og ansvarsområde

- a) Ansvars- og arbeidsoppgåver i samsvar med delegeringsreglementet.
- b) Utvalet kan opprette komitear, ad hoc-utval og underutval innafor utvalet sitt arbeidsområde
- c) Utvalet har hastekompetanse innanfor sitt myndedområde
- d) Klagenemnda utgår fra utvalet for samfunn og miljø og der sit fem medlemer

## 3. Utval

Kinn kommune skal ha tre utval:

1. Eitt for tenesteområda oppvekst, undervisning og kultur, nemnd Oppvekst- og kulturutvalet
2. Eitt for tenesteområda helse og velferd, nemnd Helse- og velferdsutvalet
3. Eitt for tenesteområda samfunn og miljø, nemnd Plan- og samfunnsutvalet

### 3.1 Tal medlemer

Utvala skal ha 9 medlemer. Kommunestyret vel utvala sine medlemer blant sine eigne medlemer og varamedlemer. Det stillast ikkje same krav til varamedlemer i utvala.

Representant for Ungdomens kommunestyre har møte- og talerett.

## 3.2 Arbeids- og ansvarsområde

- a) Utvala har ansvars- og arbeidsoppgåver i samsvar med delegeringsreglementet.
- b) Utvala er saksførebuande organ og innstiller til kommunestyret, og er delegert mynde til å ta avgjerd i saker i samsvar med delegeringsreglementet.
- c) Leiarane av utvala har innstillingsrett til utvala. Dersom leiar ynskjer å nytte denne retten i den einskilde sak, skal dette tydeleg gå fram av saksframleggget.
- d) Utvala kan opprette komitear, ad hoc utval og andre underutval innafor utvalet sitt arbeidsområde.
- e) Utvala har hastekompetanse innanfor sitt myndedområde.

## 4. Innstillingsrett

- a) Utvala innstiller overfor formannskap og bystyret.
- b) Rådmannen har innstillingsrett overfor hovudutval og formannskap.

## 5. Delegering

- a) Alle kommunale folkevalde organ kan deleger avgjelder til rådmannen om ikkje kommunestyret har bestemt noko anna.
- b) Sjølv om eit saksområde er delegert, har ikkje overordna mynde gitt frå seg kontrollen over området. Det kan instruere rådmannen om korleis myndet skal utøvast og krevje rapportar. Det kan i ein del tilfelle gjere om vedtak av underordna organ.
- c) Det vert utarbeidd eige delegeringsreglement.

## 6. Andre utval

### 6.1 Administrasjonsutval

Administrasjonsutvalet skal ha 7 medlemer.

- 5 folkevalde
- 2 tillitsvalde

Ansvars- og arbeidsoppgåver i samsvar med delegeringsreglementet.

### 6.2 Arbeidsmiljøutval

Arbeidsmiljøutvalet skal ha 10 medlemer

- Fem som rådmannen peiker ut
- 5 frå dei tilsette

Ansvars- og arbeidsoppgåver i samsvar med delegeringsreglementet.

### 6.3 Kontrollutval

- a) Kontrollutvalet skal ha 5 medlemer.
- b) Val av medlemer skjer i samsvar med forskrift om kontrollutval i fylkeskommunar og kommunar.
- c) Medlemer og varamedlemer vert vald av kommunestyret, og valet bør gjennomførast som avtaleval. Utelukka frå val er ordførar, varaordførar, medlem og varamedlem av

- formannskapet, kommunal nemnd med avgjerdsmynne, og tilsette i kommunen: jf. Kommunelova § 77.
- d) Utvalet følgjer same reglar for sakshandsaming, gildskap med meir, som for andre møteorgan i Kinn kommune.
  - e) Leiaren i utvalet kan ikkje representere same parti eller gruppe som ordføraren.
  - f) Om kontrollutvalet har felles varaliste, kan 1. varamedlem møte fast i utvalet med møte-, tale-, og forslagsrett. Varamedlemer har berre stemmerett om dei erstattar fast medlem med forfall.

#### 6.4 Ungdomens kommunestyre

- a) Ungdomens kommunestyre skal ha 29 representantar med vararepresentantar og skal veljast frå heile kommunen. Ungdom som er eller blir 13 til 19 år i valåret, og som er busette i kommunen, kan veljast.

- b) 17 elevar frå ungdomskular og vidaregåande skular vert fordelt slik:

Flora vidaregåande skule	5
Måløy vidaregåande skule	3
Florø ungdomsskule	4
Vågsøy ungdomsskole	3
Eikefjord skule	2

12 representantar politiske eller uavhengige vert valde etter eigne lister og vert valde etter same reglar som for kommuneval.

- c) Ungdomens kommunestyre vel sjølv ordførar og varaordførar.
- d) Møtereglementet for Kinn kommune gjeld for møta i Ungdomens kommunestyre.
- e) Ordførar for UK kallar i samarbeid med rådmannen og politisk sekretariat inn til møta med høveleg varsel. Saman med innkallinga vert det sendt sakliste og saksdokument.
- f) Ordførar for UK er møteleiar. Ved forfall leiar varaordføraren møtet. Dersom begge har forfall vert det vald møteleiar blant UK sine møtande representantar.
- g) Ordførar, rådmann, kommunalsjefar, kultursjef og ungdomsleiar har møterett i UK. Andre etter særskilde avtalar.
- h) UK skal gi opplæring i demokratisk arbeid og påverknad. Gi dei høve til å påverke eigen og andre unge sin livssituasjon. Det er eit eige mål å ha betre sakshandsaming og betre grunnlag for vedtak i politiske saker som gjeld unge.
- i) Representantar for UK har møte- og talerett i alle politiske organ som handsamer saker som gjeld ungdom. UK kan stille med to representantar i slike møteorgan.
- j) UK kan ta opp alle saker som Kinn kommunestyre ønskjer å uttale seg om, saker som er til handsaming i andre politiske organ, eller andre aktuelle saker.
- k) UK fordeler sjølv eigne midlar avsett på budsjett til elevråd, organisasjonar, grupper og enkeltpersonar. Ein del av midlane kan nyttast til tiltak som UK sjølve ønskjer å sette i gang, til dømes kulturtiltak, arrangement, treff med meir.

- l) UK vel utsendingar til eit eventuelt Ungdomens fylkesting.
- m) UK vel to representantar med vararepresentantar til kvart av dei politiske utvala der UK har møte- og talerett.

## 6.5 Barn og unge sine interesser

Plan- og bygningslova §3-3:

«Kommunestyret skal sørge for å etablere en særskilt ordning for å ivareta barn og unges interesser i planlegginga.»

Rådmannen får fullmakt til å peike ut ein administrativ representant.

## 6.6 Eldreråd

Bystyret vel medlemer og varamedlemer til eldrerådet.

- a) Eldrerådet har 5 medlemer og 5 personlege varamedlemer.
- b) Pensjonistforeiningar har rett til å kome med framlegg om medlemmer til eldrerådet.
- c) Fleirtalet av medlemmene skal vere alderspensjonistar i kommunen.
- d) Rådet vel sjølv leiar og nestleiar, som skal vere blant alderspensjonistane.
- e) Eldrerådet som rådgjevande organ skal gi uttale i saker som har å gjere med levekår og livskvalitet for eldre i kommunen.
- f) Sakshandsaminga følgjer dei same prosedyrane som for andre politiske organ, så langt dei passar.

## 6.7 Kommunalt råd for menneske med nedsett funksjonsevne

- a) Rådet har sju medlemer og i tillegg varamedlemer. Av dei sju medlemmane er det 5 representantar som vert valde av organisasjonane til diagnosegrupper som kjem under "nedsett funksjonshemming".
- b) To medlemer er politisk valde. Val: Jf. kl. § 35. Leiar og nestleiar skal veljast av kommunestyret.
- c) Vararepresentantane vert valde i nummerert rekkefølgje.
- d) Vararepresentantane for dei som er politisk valde, vert valde separat, og er personlege for den enkelte politisk valde representant.
- e) Rådet er eit rådgjevande organ for kommunen. Rådet har rett til å få framlagt alle saker som er av samfunnsmessig og prinsipiell tyding for denne gruppa sine levekår i kommunen. Jf. § 1 i Lov om råd eller anna representasjonsordning i kommunar for

menneske med nedsett funksjonsevne. Dette skal skje før hovudutval, formannskap og bystyre gjer endelig vedtak i slike saker.

## 7. Innbyggarmedverknad

### 7.1 Grendelag

Kinn kommunestyre ber ordførar eller varaordførar om å gjennomføre minst 2 møte i året med grendelaga i kommunen.